

Referat frå styremøte i Hjelmeland bygdekvinnelag 27.04.22

Hos Grethe Gauthun Olsen

Til stades: Liv Inger Mæland, Kirsti Flatø, Janneke Wijgergangs, Grethe G. Olsen, Margrete Tytlandsvik,ref.

Sak 1. Prosjektet med å laga ullklutar til Rikssamlingsjubileåret.

Janneth Ur Nessa og Synnøve Strøm er ressurspersonar som vil ha med seg råvarer og utstyr, og ikkje minst kunnskap for å laga ullklutar frå ull, med karing, spinning på handtein og veving på enkel vev. Torsdag 22.09.22 kan vera ein aktuell dag på Spinneriet for dette medlemsmøtet.

Sak 2. Markering av Frivillighetens år 30.juni kl. 18.00

Bygdekvinnelaget stiller med synleggjering av laget og vil selja lappar eller liknande. Me vil prøva å få med oss mange medlemmer til å møta fram.

Sak 3. Søknad til kommunen om «Kulturstøtte til ordinær drift»

Me sender skjema innan tidsfristen 10. mai.

Sak 4. Utkast til nytt prosjekt «Bærekraft og inkludering» i regi av Rogaland bygdekvinnelag med søknad om økonomisk støtte frå Gjensidigestiftelsen.

Prosjektet avheng om ein får fullfinasert dette gjennom Gjensidigestiftelsen. Det er krav om min. 4 samlingar i løpet av 23/24. Hjelmeland legg opp til 5 samlingar:

To familiedagar på Fossane gard

Kurs i surdeigslaging

Kreativ omsøm

Mat frå andre land

Liv Inger og Margrete har vore på prosjektmøte saman med Rogaland bygdekvinnelag og 7 andre interesserte lokallag. Me vil senda inn ein meir detaljert søknad med budsjett innan fristen 1. juni.

Sak 5. Tur til Ådland gartneri lørdag 21. mai

Det vert sendt ut påminning på facebook og mail.